

## Interpellasjon til fylkestinget onsdag 4. mars 2020

### Åsmund Berthelsen (SV): om opprettinga av mineralråd er i strid med kommunelova

«Interpellasjon om opprettinga av mineralråd er i strid med kommunelova

Etter initiativ frå Askvoll og tidlegare Naustdal kommune slutta Sogn og Fjordane fylkeskommune seg til opprettinga av eit mineralråd etter eit nærare fastsett reglement. Det er ukjent kva organ som har vedteke reglementet, og kven som har valt nokre av medlemmene i rådet. Etter reglementet skal rådet vere «eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova, §5-1.»

Eit fyrste reglementet vart endra på i eit «Konstituerande møte for mineralrådet» den 28.november 2019. Etter dette skal det framleis vere «eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova, §5-1», men no med «(arbeidsutval)» i parantes.

Samansettinga av rådet (det faste utvalet) er også endra i reglementet som vart godkjent på det «Konstituerande møte for mineralrådet.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesutvalet vedtok å slutte seg til mineralrådet, valde medlem i rådet, og løyvde 1,5 mill kr til arbeidet, den 10.12.2019. Midlane er utbetalt til Sunnfjord kommune.

Etter kommunelova (§5-1) er det eit kommunestyre eller eit fylkesting som kan opprette slike faste utval og velje medlemmer og leiar. Korkje Askvoll kommunestyre, tidlegare Naustdal kommunestyre eller Sunnfjord kommunestyre har oppretta eit fast utval/mineralråd etter §5-1 i kommunelova. Heller ikkje Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok å opprette eit mineralråd. Rådet eller utvalet er såleis ikkje valt eller organisert i tråd med kommunelova. Rådet må såleis vere ulovleg.

Raudt Indre Sunnfjord og Sunnfjord SV har spurt ordføraren i Sunnfjord kommune, Olve Grotle om opprettinga av mineralrådet er i tråd med kommunelova og om Sunnfjord kommune vil trekke ut sin representant i «rådet». Og at det ikkje vert halde ytterlegare møte før oppklaring av forholda kring skipinga og reglementa. Kommunedirektøren i Sunnfjord kommune har svara at mineralrådet er å sjå som eit interesseutval, «slik som til dømes Interesseutvalet for Førde lufthamn og Interessegruppa for Rv 52/Rv5.» Med det ser det ut til at rådet vil halde fram med arbeidet.

Er fylkesordføraren einig i at dette rådet har kome til på ein ulovleg måte? Og kva meiner fylkesordføraren eventuelt om at utvalet/rådet held fram etter at det er påpeika at det er ulovleg valt? Og, vil det vere aktuelt å be om å få dei løyvde midlane tilbakebetalt?

#### Framlegg til vedtak:

«Vestland fylkeskommune ser at mineralrådet er ulovleg oppnemnt og organisert og trekker difor sin representant ut av rådet og vel heller ikkje nokon nye. Vestland fylkeskommune vil vurdere behovet for eit mineralråd eller om det er andre måtar å arbeide for utvikling av mineralnæringa i Vestland på. Vestland fylkeskommunen krev å få tilbakebetalt midlane som vart løyvde til arbeidet i mineralrådet.»»